

DETALJREGULERINGSPLAN HAFSLOTUN

ROS-ANALYSE
Plan ID: 2021001



Dato

Samandrag

Arkitektkontoret 4B har fått i oppdrag frå Ecura Bo og Habilitering å utførbeide risiko- og sårbarheitsanalyse som ein del av vedtaksgrunnlaget til detaljreguleringsplan for Hafslotun. Planområdet er på omlag 47daa.

Planframlegget legg tilrette for privat tenesteyting. Planområdet har tilkomst frå fv 55, Lustravegen.

Analysen har hatt som formål å gje ei brei, overordna, representativ og vedtaksrelevant framstilling av risiko for tap av verdiar knytt til liv og helse, stabilitet og materielle verdiar.

Planområdet står fram som lite sårbart.

INNHALD

1. Innleiing	side 3
2. Risiko-og sårbarheitsanalyse	side 3
3. Kategoriar for sårbarheit	side 3
4. Katagoriar for sannsyn	side 3
5. Kategoriar for konsekvensvurdering	side 4
6. Vurdering av risiko	side 4
7. Kartlegging av farar	side 5
8. Sårbarheitsvirdering av aktuelle hending	side 6
9. Konklusjon og framlegg til risikoreduserande tiltak	side 7

1. Innleiing

Arkitektkontoret 4B har i oppdrag frå Ecura Bo og Habilitering å utarbeide detaljreguleringsplan for Hafslotun gbnr 153/18, 153/19, 153/21 og 153/27 på Hafslo. Denne ROS-analysen er ein del av vedtaksgrunnlaget for detaljreguleringsplanen.

Planområdet er i gjeldande kommuneplan vist som fritids- og turistføremål medan bruken er privat tenesteyting – heildøgns pleie og omsorg. Målet med planen er difor å laga ein reguleringsplan som samsvarar med bruken.

Føremålet med risiko- og sårbarheitsanalysen er å gje ei overordna og representativ framstilling av risiko for skade på person, liv og helse, materielle verdiar og stabilitet i høve løysingane i reguleringsplanen.

2. Risiko- og sårbarheitsanalyse

I samsvar med § 4-3 i plan- og bygningslova vert det stilt krav om at det ikkje skal byggast ut i usikre områder. Sjekkliste ROS i Rettleiar for utarbeiding av reguleringsplanar, utarbeidd av Sogn og Fjordane fylkeskommune, ligg til grunn for ROS-analysen.

I sjekklista analyserar vi hovudtema med tilhøyrande undertema. Her vert sannsyn, konsekvens og samla risiko vurdert. Dette ligg til grunn for avsluttande kommentar/avbøtande tiltak

3. Kategoriar for sårbarheit

Med sårbarheit er meint evna hjå analyseobjektet til å motstå verknader av ei uønska hending og til å gjenopprette sin opphavlege tilstand eller funksjon etter hendinga.

Ikkje sårbart	Eit vidt spekter av hendingar kan inntreffe der sikkerheit eller området sin funksjonalitet ikkje vert ramma.
Lite sårbart	Eit vidt spekter av hendingar kan inntreffe der sikkerheit eller området sin funksjonalitet vert ubetydeleg ramma.
Moderat sårbart	Eit vidt spekter av hendingar kan inntreffe der sikkerheit eller området sin funksjonalitet vert ramma slik at fare eller ulempe oppstår.
Svært sårbart	Eit vidt spekter av hendingar kan inntreffe der sikkerheit eller området sin funksjonalitet vert ramma slik at aktuell fare oppstår.

4. Kategoriar av sannsyn

I kva grad det er truleg at ei uønskt hending kan inntreffe, vert uttrykt ved hjelp av omgrepet sannsyn (hendingsfrekvens). Sannsyn bygger på erfaringar (t.d. ekstremver) og vurderingar gjort på bakgrunn av lokal erfaring.

1. lite sannsynleg	Sjeldnare enn ei hending pr 1000 år.
2. Moderat sannsynleg	I gjennomsnitt ei hending pr 100-1000 år
3. Sannsynleg	I gjennomsnitt ei hending pr 10-100 år
4. Mykje sannsynleg	I gjennomsnitt ei hending pr 1-10 år

5. Svært sannsynleg	Ei hending pr år eller oftare.
---------------------	--------------------------------

5. Kategoriar for konsekvensvurdering

Konsekvensvurderinga uttrykker moglege følgjer av ei uønska hending i forhold til liv/helse, stabilitet og skade på materielle verdiar.

1. Svært liten	Ingen person- eller miljøskader. Enkelte tilfelle av misnøye.
2. Liten	Få/små person- eller miljøskader. Belastande forhold for enkeltpersonar.
3. Middels	Kan føre til alvorlege personskadar. Belastande forhold for ei gruppe personar
4. Stor	Alvorleg/farleg person- eller miljøskadar og kritiske situasjonar
5. Svært stor	Personskade som medfører død eller varige men, mnage skadd, langvarige miljøskader.

6. Vurdering av risiko

Risiko er i NS 5814 (ref. 1.4.1) definert som uttrykk for kombinasjon av sannsyn for og konsekvensane av ei uønska hending. I risikovurderinga vert uønskte hendingar plassert inn i ei risikomatrise, og risikoen vert gjeven ut frå sannsyn for hending og konsekvens.

Risikomatrisa har 3 soner:

Grøn: Akseptabel risiko – risikoreduserande tiltak er ikkje naudsynt.

Gul: Akseptabel risiko – risikoreduserende tiltak må vurderast.

Raud: Uakseptabel risiko – risikoreduserande tiltak er naudsynt.

Akseptkriteria for risiko er gjevne av dei farga sonene, som er tilpassa oppsett av kriteria for konsekvens og sannsyn.

Dei ulike sonene i matrisa representerer risikoakseptkriteria. Akseptkriteria inneber ikkje at ein aksepterer uønskte hendingar, men kriteria er naudsynte for å prioritere tiltak for å vurdere behovet for og prioriteringa av risikoreduserande tiltak.

Risikomatrise:

		KONSEKVENNS				
		1. Svært liten	2. Liten	3. Middels	4. Stor	5. Svært stor
SAN NSYN	5. Svært sannsynleg					
	4. Mykje sannsynleg					
	3. Sannsynleg					

2. Moderat sannsynleg						
1. Lite sannsynleg						

7. Kartlegging av farar

Etter vurdering av føreliggande idokumentasjon er dei uaktuelle farane sila vekk. Formålet med fareidentifikasjon er å identifisere dei forholda som er relevante ved vurdering av sårbarheit og konsentrere arbeidet om reelle farer.

Tema	Vurdering	ja	nei
NATURRISIKO			
Skred/ ras/ ustabil grunn	Skredfårvurdering er utført av "Henriksen Geopraksis" v/Helge Henriksen. Han finn at det er eit lite område øverst i planområdet som kan vere utsett for steinsprang. Det vil bli lagt inn som omsynssone i plankartet og teke med i planomtalen.		X
Flodbølge som følge av fjellskred	Området er lokalisert over kote 300 m og det er ikkje registrert fåre for fjellskred i området.		X
Ustabil grunn	NGU sin database syner at området består av morenemasser. Ved utbygging har det også vist seg å vere ein del fjell. Er og omtalt i Henriksen sin skredfårevurdering. Normalt er dette god byggegrunn for den type bygning det her er snakk om.		X
Flaum i vassdrag	Det går ikkje vassdrag gjennom området.		X
Havnivåstigning	Området er lokalisert over kote 300 godt over forventa havnivåstigning.		X
Vind-/og ekstremnedbør	Norsk Klimaservicesenter sin rapport, Klimaprofil Sogn og Fjordane, oppdatert juli 2016 seier: <i>"Klimaendringane vil i Sogn og Fjordane særleg føre til behov for tilpassing med tanke på kraftig nedbør og auka problem med overvatn, havnivåstiging og stormflo, endringar i flaumforhold og flaumstorleikar og skred. Det er stor uvisse i framskriding av vind. Det er venta vesentleg reduksjon i snømengdene og i dagar med snø i lågareliggande område."</i> Nedbør og overvatn er svart for i eigen overvassplan. Vind og regn er ivareteke i TEK17.		X
Skog-/ og lynnbrann	Området grensar til grasmark i søraust og det ligg skog innafor området.	X	
Radon	Ivareteke i TEK17		X
VERKSEMDRISIKO			
Brann eller eksplosjon ved industrianlegg	Det er ikkje etablert industriverksemder i eller ved området som gjer det utsett for brann og eksplosjon		X
Fare for kjemikalieutslepp eller anna akutt forureining	Det er ikkje lokalisert industrianlegg inntil eller i influensområdet som representerer fare for utslepp eller forureining.		X
Farleg gods	Farleg gods kan bli transportert på fylkesvegen. Det vil skje sjeldan og representerar difor ingen generell fare.		X
Forureina grunn	Det er ikkje registrert ureina grunn i planområdet		X
Dambrot	Det ligg ikkje dammar i eller ovanfor området .		X

Støy	Planområdet ligg til fylkesveg 55. Støysonekart syner at ei smal stripe langs fylkesvegen ligg i raud sone. Det gjer og fronten på ein eksisterande større bygning. Store deler ligg i gul støysone. Fylkesmannen skriv i si rettleiing at i gul sone skal avbøtande tiltak vere på plass innan utbygginga er avslutta. Dette vert teke inn i føresegne. For eksisterande bygning i raud son er det teke inn skjerpande tiltak.		X
SÅRBARE OBJEKT			
Sårbare bygg	Det ligg ikkje sårbare bygg i planområdet		X
Kulturminne	Kulturminnemyndet har ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller verneverdige kulturminne i planområdet. Det er restar av steingardar nordaust i planområdet. Gran har og tydeleg vore planta i grensa. Vert teke med i planomtalen		X
Natur	Det er registrert hagelupin langs fv 55. Hagelupin står på lista over framande skadelege artar. Krav til massehandtering langs fv 55 vert teke inn i føresegnene		X
INFRASTRUKTUR			
VA-anlegg	Offentleg anlegg		X
VA-leidningsnett	Offentleg anlegg Sogn brann og redning skriv at det truleg ikkje er samsvar mellom krav til sløkkevatn i utbyggingsområdet og leidningsdimensjonar til dette. Luster kommune svarer på førespurnad om sløkkevatn at det kjem an på størrelsen på nybygg og krav til sprinkleranlegg. Vert teke inn i føresegnene.		X
Trafikktryggleik	Intern veg nr 2604 er for bustadene og andre aktivitetar i planområdet. I tillegg er denne vegen tilkomst til eigedomen 153/3. Det er busshaldeplass ved fv 55. Det er ikkje gang-og sykkelveg langs fv 55. Trafikktryggleik er omtala i planbeskrivelsen		X
Eksisterande kraftforsyning	Luster energiverk opplyser at det ikkje er mogleg med auka forbruk grunna kapasitet på kabel. Teke inn i føresegnene.		X
Drikkevasskjelder	Det er ikkje registrert private drikkevasskjelder i planområdet.		X
Framkome for utrykkingskøyretøy	Avkøyrsløse frå fv55 må vere etter godkjent norm. Interne vegar må vere med dimensjonar, stigning og kurveforhold slik at det er høve til tilfredsstillande sløkkeinnsats. Eksisterande interne vegar er i parti brattare enn 1:8. Det vert teke inn i føresegnene at veg til nybygg må utbetrast etter krav frå Sogn brann og redning før det kan gjevast bruksløyve.		X
TILSIKTA HENDINGAR			
Funksjonar som vert etablert	Planen opnar ikkje for etablering av funksjonar som representerer spesiell fare for uønska hendingar		X

8. Sårbarheitsvurdering av aktuelle hendingar

Med utgangspunkt i fareidentifikasjonen er følgende hendinger sett på for nærmere vurdering av sannsyn, konsekvens og samla risiko..

Hending/situasjon	Sannsyn	Konsekvens	Samla risiko	Kommentar/Tiltak
8.1 Gras- og skogbrann	Lite sannsynleg	Middels		Slukkevatn baserer seg på brannbil/tankbil

Sårbarhetsvurdering er gjort i forhold til dei viktigaste faktorane som påverkar risiko. Data og erfaringsmateriale som er tilgjengeleg og som har vore grunnlag for å vurdere dei forskjellige faktorane, er av varierende kvalitet.

8.1 Grasbrann

Dei fleste brannane oppstår om våren og forsommaren. Data viser at tidleg vår er den mest utsette perioden på Vestlandet. Vi har ikkje data som indikerer at det er mykje grasbrannar i kommunen. Sogn brann og redning opplyser at tankbil vil komme både frå Sogndal og Gaupne. Dei vil ha ein samla kapasitet på ca 24kubikk. Innsatstid frå begge stasjonar vil vere 20-25min.

9. Konklusjon og framlegg til risikoreduserande tiltak

Gjennom ROS-analysen er det ikkje kome fram funn som vil få konsekvensar for planen. Risikoreduserande tiltak vert teke inn i føresegnene.